

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019

Det vart gjeve slikt svar:

«Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå Anne-Beth Nærheim:

«Torsdag 21.03 var det elevar frå vidaregåande skule på Bømlo som gjennomførte klimademonstrasjon utanfor m.a. Bømlo rådhus. Fredag 15.03 var det ein noko større klimademonstrasjon i regionsenteret på Stord med elevar frå fleire Sunnhordlandsskular. Då eg snakka med elevane som arrangerte demonstrasjonen på Bømlo 21.03 så hadde fleire av dei og deltatt på Stord 15.03 og det kom mellom anna fram at det var ulike praksis frå skulane om gyldig eller ikkje gyldig frávær. Sitert frå e post eg fekk frå elevane:
Kort sagt: Me på Bømlo vidaregåande skule fekk ikkje noko gyldig fravær. Dei på Stord VGs fekk gyldig fravær. Og til slutt dei på vidaregåande i Kvinnherad fekk gyldig fravær berre om du var i organisasjonen Sosialistisk Ungdom. Har vel ikkje noko meir å tilføye. Må berre spørja vis du lurar på noko. Først vil eg sei at det er flott at ungdom engasjerer seg! Det skal vel ikkje vere ulik praksis på fráværreglane? Fint med oppklarande svar på det, takk for hjelp.»

Problemstillinga har vore drøfta i leiargruppa ved opplæringsavdelinga, og fylkesdirektør opplæring har sendt ut desse retningslinene til skulane 4. mars 2019:

«Vi har fått spørsmål om registrering av frávær i samband med markeringa til klimaopproret.no 14. mars. Slik vi tolkar regelverket (forskrifta), er det berre politiske verv som gjev rett til godkjent frávær, ikkje deltaking i politiske aksjonar. Dersom ein skule legg opp til at 14. mars kan brukast som del av eit fagleg opplegg med læringsmål, stiller saka seg litt annleis.»

Spørsmålet frå Anne-Beth Njærheim om skulane sin praksis har vore tatt opp med dei tre vidaregåande skulane som er nemnt i spørsmålet, dvs. Stord, Kvinnherad og Bømlo vidaregåande skular.

Bømlo vidaregåande skule har tatt opp med elevane at skulen støttar engasjementet, og at det er verdfullt å ha engasjerte elevar. Skulen har ført frávær for timane i tråd med avgjerda frå fylkesdirektør opplæring. Informasjon er gitt både munnleg og lagt ut på skulen sine nettsidene i It's learning. Skulen har ikkje hatt eit eige fagleg opplegg knytt til temaet denne dagen.

Stord vidaregåande skule har også lagt ut melding på eigne nettsider i It's learning om at deltaking i politiske aksjonar ikkje gir godkjent frávær, men at saka stiller seg annleis dersom faglærar legg opp til fagleg innhald med læringsmål denne dagen. Stord vgs gjennomførte eit berekraftprosjekt i veke 7 og 8; eit arbeid som famna om FN sine berekraftsmål, med stor oppslutting både internt på skulen og i lokalsamfunnet. Då streiken var, opplevde skulen liten pågang frå elevane for å ta del i den.

Elevane på Kvinnherad vidaregåande skule (KVV) er alle handsama likt alt etter om dei har delteke i demonstrasjonen eller ikkje. For dei som deltok i klimademonstrasjonen 15.03 eller 21.03 vart det registrert ordinært frávær. I tillegg skal det vere ein klimaaksjon på skulen 28.03. Det har vore mogleg å søke sjølvstendig studiearbeid denne dagen og få det innvilga av kontaktlærar dersom pålagt arbeid vert levert. Grunnen til at elevane får høve til å ha sjølvstendig studiearbeid ved deltaking i denne aksjonen, er at arrangementet som er planlagt av aksjonsgruppa ved Kvinnherad vgs skal vera på skulen. Gruppa har invitert inn politikarar m.m. til klimaaksjon i skulekantina. Det vert mellom anna debatt, byttestasjonar og andre innslag med fokus på kva som kan førebygge klimaendringar. Skulen har vurdert arrangementet til å vera noko meir enn ein «klimastreik», i tråd med avgjerda til fylkesdirektør opplæring.»